

Heia STIF!



Henriette Frøyen kastar diskos på Svelgen stadion i september 2003. Frøyen vart same året nr. 3 i diskos i 13- årsklassen under Sunnfjordmeisterskapen i Førde. Henriette Frøyen er barnebarn av Svein Frøyen, som var den idrettsutøveren som oppnådde best resultat på 1900-talet som medlem av STIF.

Foto: DS-FOTO

Frank Ryland
Heia STIF!

Svelgen Turn- og Idrettsforening
1930–2000



2003

Heia STIF!
Svelgen Turn- og Idrettsforening 1930-2000

ISBN 82-303-0092-5



© Svelgen Turn- og Idrettsforening
6723 Svelgen

Prosjektleiing: Selja Forlag as, Førde
v/ Torkjell Djupedal
Fotoredaktør: Frank Ryland
Repro: Frank Ryland, Geir Gjerde, Arild Nybø
Bokutforming: Bernt Kristiansen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS, Skien

Boka er sett med Adobe Garamond Pro 11/12,3

Framsidedfoto:

Eit av STIF sine store idrettstalent, Jørgen Bjørkedal, i aksjon i lengdegropa på Svelgen stadion i september 2003. 13-åringen vann i 2003 to gull- og tre sølvmedaljar under KM i friidrett i Florø. I ein interkrinskamp mot Rogaland og Hordaland på Askøy same året, vann han lengde og vart nr. 3 i høgde. Bjørkedal sin oldefar, Lauritz Midtbø, var ein av stiftarane av STIF i 1930, og vart seinare æresmedlem i foreininga. Også Bjørkedal sin morfar, Gunnar Midtbø, er æresmedlem i STIF.

FOTO: DAG SOLBERG

Bilete framme i boka


Svelgen ein gong på 1930-talet. Ein legg merke til dei spesielle fjellformasjonane som kjem tydeleg fram i føremiddagslyset. Til venstre ser vi Sandegardane, vidare Naustneset og Øyra med den lange trekaia, og Risegardane. Frå rujernsverket stig røyksøyla opp og legg seg som eit lok over bygda.

Bilete bak i boka

Svelgen kring år 2000, med Svelgen stadion i framgrunnen og treningsbana på nedsida mot sjøen. Til venstre for stadion ser vi Naustneset, og like bak sentrum ligg Brakkhaugen og Kvelve. Utanfor smelteverket, på andre sida av fjordbotnen, ser vi Sande med turmålet Sandsegga i ryggen.

FOTO: DAG SOLBERG

Ved krinsmeisterskapen i friidrett i 1950 var STIF det suverent beste laget i Sogn og Fjordane. På biletet ser ein bak f.v. Alf Zachariassen (trenar, og formann dette året både i Friidrettsgruppa og STIF), Odd Birkelid, Leif Midtbø, Svein Frøyen, Alf Sande, Hermann Frøyen, Trygve Nilsen, og Alf Midtbø (støttespelar for friidretten, og nestformann i STIF dette året). Framme f.v. Ove Sörgulen, Tor Zachariassen, Gunnar Midtbø, Rune Rise, og Ove Hallset.





INNHALD

STIF 1930–2000

I takt med industriutviklinga og lokalsamfunnet 14

Turn

Oppvisningar med stil 82

Friidrett

Full fart frå starten 107

Ski

I vérmessige motbakkar 168

Fotball

Stor aktivitet på ulike nivå 186

Symjing

Gullgrossistar med lite basseng 290

Volleyball

NM-vinnar både på og utanfor bana 329

Trim for alle

Allsidige aktivitetar for unge og eldre 362

Barneidrett 364

Handicapidrett 369

Trim 371

Småidrettane i STIF

Kortvarige aktivitetstilbod 381

Handball 382

Skiskyting 384

Vektløfting 387

Orientering 389

Bordtennis 392

Judo 395

Klatring 397

Fakta om STIF 1930–2000 398

Namneregister 420

Vi gratulerer 432

*Fotballaktivitet på
Svelgen stadion våren 2003.*





Bygginga av Svelgen Idrettsbus steg for steg frå gravinga tok til våren 1993. Det siste biletet er teke nokre månadar etter at huset vart offisielt opna.

Føreord frå sogenemnda

Hausten 1979 vart det for fyrste gong framsett forslag om å utarbeide eit jubileumsskrift for Svelgen Turn- og Idrettsforening. Bakgrunnen var at det i 1980 ville vere 50 år sidan laget vart stifta. Arbeidet synt seg å vere mykje meir omfattande enn ein hadde tenkt seg. Jubileumsskriftet vart det difor ikkje noko av, men ynskjete om å skrive ei STIF-soge var framleis tilstades. Ulike framgangsmåtar og komitéar vart utprøvde. Ein freista mellom anna å få ut eit historieskriv i høve 60-årsjubiléet i 1990. Heller ikkje denne gongen lukkast det, men ei av eldsjelenene, Tor Zachariassen, heldt på eige initiativ fram arbeidet med stoffinnsamling. Noverande sogenemnd tok deretter over ansvaret for redaksjonsarbeidet i 1995. Frank Ryland, som frå hausten 1998 hadde gjort eit svært godt arbeid med skriving av historia til Fotballgruppa, sa seg etterkvart også villeg til å skrive historia om dei andre gruppene i idrettslaget. Boka omhandlar historia til STIF frå starten 08.09.1930 til årtusenskiftet.

Det har såleis teke lang tid å få boka ferdig slik ho no ligg føre. Men, både som lesar og brukar av boka, vil du nok snart registrere at det er eit svært omfattande arbeid som ligg bak det endelege produktet. Dette gjeld både med omsyn til den forteljande delen, idrettslege resultat, statistikkar og biletutval. Det er sjølvsagt grupper i idrettslaget som har fått meir omfattande omtale enn andre. I redaksjonsarbeidet har ein vektlagt både storleiken, aktivitetsnivået og idrettslege prestasjonar til dei ulike gruppene for å freiste å gje ei balansert framstilling av aktiviteten i laget til dei ulike tider. Men, tilgang til arkivmateriale, særleg med omsyn til årsmeldingar og bilete, gjer at nokre grupper og enkelte tidsepokar sjølvsagt er mindre representerte enn andre. Sogenemnda er likevel svært godt nøgde med både innhald og utsjånad.

Etter vårt syn er ikkje boka berre eit oppslagsverk for STIF-medlemmar, men også eit verdfullt bidrag til dei som er interesserte i levevilkåra i, og utviklinga av lokalsamfunnet. Soga syner på ein god måte den store verknaden den organiserte idrettsrørsla har hatt, direkte og indirekte, på utviklinga i Svelgen.



Såleis gjev boka godt innsyn både i kulturhistorie og sosiale tilhøve i ei bygd med skiftande konjunkturar, varierende folketal og betydeleg industriell utvikling. Eldsjeler i idrettslaget, eit sterkt engasjement og kreative løysingar både med omsyn til aktivitetar og anlegg har vore og er svært viktige for kjensla av identitet, fellesskap og trivsel i bygda.

Men, i fyrste rekke er sjølvsagt boka ein heider til dei svært mange som på ein eller annan måte er knytte til idrettsrørsla i Svelgen, både aktive, trenarar, tillitsvalde og alle andre som har gjort ein innsats til beste for idrettslaget. Vårt ynskje er også at boka skal kunne bli ei inspirasjonskjelde både for noverande og komande bidragsytarar til den lokale idrettsrørsla.

Sogenemnda ynskjer å takke Tor Zachariassen for langvarig, verdfull og omfattande innsamling av statistisk materiale. Ei særleg takk går til forfattaren av boka, Frank Ryland. Han har gjort ein svært imponerende og grundig innsats med innhenting, kontroll og stadfesting av kjeldemateriale. Vi takkar også Trygve Sortevik for korrekturlesing og retting. Vi takkar sentrale veteranar i idrettsrørsla som i særleg grad har vore nytta som kjelder til historier og miljøskildringar frå eldre tider. Takk også til dei mange som ved utlån av biletmateriale og på andre måtar har gjeve viktige innspel til boka. Til slutt vil vi takke våre sponsorar som har gjeve vesentlege økonomiske bidrag til realisering av bokprosjektet.

Vi vonar og trur at du vil like boka og at du vil få mange gledesstunder når du les ho.

Svelgen, mai 2003

Arne Loftheim

Geir Gjerde

Olav R. Ommedal

Tor Zachariassen



Føreord frå forfattaren

Denne historieboka om Svelgen Turn- og Idrettsforening som du no held i handa er resultatet av fem års arbeid som har vore både tidkrevjande og spennande. Frå starten var det langt i frå meininga at eg skulle skrive heile boka sjølv. Det byrja med at eg i desember 1998 tok kontakt med Arne Loftheim og bad om å få lage eit nytt utkast til Fotballgruppa sitt avsnitt til STIF si historiebok. Bakgrunnen var at eg tykte at det arbeidet som Fotballgruppa sine medlemmar hadde lagt ned i nærmare 40 år, ikkje kom godt nok fram i det første utkastet av boka.

I mai 1999 leverte eg det første utkastet til Fotballgruppa si historie. Store delar av dette kapitlet vart utført med blyant og viskelær, før eg fekk låne heim ein PC frå smelteverket. Etter kvart byrja eg også på volleyballen si historie, og i byrjinga av år 2000 leverte eg dette utkastet til sokenemnda. Fotball- og Volleyballgruppa hadde eg sjølv vore aktiv i, og STIF og sokenemnda håpa at ein skulle få andre personar til å skrive om dei andre særgruppene. Men lite skjedde med bokprosjektet før på eit utvida møte i sokenemnda i desember 2000. Her vedtok ein at ein ynskte at også resten av boka skulle skrivast i forteljande stil, slik underteikna hadde gjort med Fotball- og Volleyballgruppa.

På dette møtet sa eg meg villig til å skrive om nokre av dei «små» særgruppene som hadde eksistert i kortare tid i STIF. Olav Ommedal var i gang med å skrive om Hovudstyret, og ein skulle prøve å få sentrale personar til å skrive om ”sine” grupper. Dette viste seg vanskeleg, og etterkvart tok eg på meg å skrive også om turn, friidrett, ski, symjing og trim. Då eg i februar 2002 var ferdig med dette arbeidet, vart eg så spurt om å skrive om Hovudstyret, det vil seie den allmenne historia om idrettslaget. Undervegs med dette kapitlet fann eg ut at utviklinga i STIF, på smelteverket og i bygda Svelgen hadde mange fellestrekk, og dermed drog eg inn litt «utanomsportsleg» lokalhistorie også. Dette vart levert i august 2002. Haust og vinter 2002 jobba underteikna med innsamling av bilete, og på nyåret møttast sokenemnda og underteikna for å gjere utval av bilete til boka. I mars-april 2003 skreiv eg tekst til bileta.

Slik vart altså eit forslag om å få skrive eitt kapittel av denne boka om STIF i løpet av nokre år til at eg stod der som eineforfattar. Sjølv om det i periodar har vore mykje arbeid, vil eg først og fremst hugse tilbake på desse fem åra med glede. STIF hadde i lang tid vore noko interessant og spennande for meg, både som tilskodar og aktiv idrettsutøvar, og etter kvart også arbeidet på andre plan. Det var difor med glupsk apetitt eg gjekk igjennom dei store stablane med stoff som eg kom over om idrettslaget. Eg vil kort gjere greie for dei kjeldene eg har nytta:

Lagsarkivet til STIF

STIF hadde ikkje noko komplett arkiv over årsmeldingar, loggbøker, permar, rekneskapsbøker o.l. Noko var lagra på Idrettshuset, noko på arkivet på Rådhuset, noko hos privatpersonar, og ein del hadde forsvunne. Det var difor eit nokså tidkrevjande arbeid å få tak i dette materialet. Årsmeldingane var av varierende kvalitet med tanke på å hente ut opplysningar til ei historiebok. Spesielt Fotballgruppa hadde gode årsmeldingar, noko som var hovudårsaka til at det var mogeleg å lage fotballstatistikkane i denne boka. Einar Gjerde førte loggbok for Fotballgruppa frå 63–73, noko som var til stor nytte. Tor Zachariassen hadde i ein lang tidsperiode gjort ein viktig og god jobb med å samle saman resultat frå friidrett, ski, skiskyting, idrettsmerketaking, og turorientering.

Idrettskrinsen sitt arkiv

Idrettskrinsen sitt arkiv i Førde var også til stor hjelp med arbeidet med STIF-boka. Her fann eg opplysningar om Hovudstyret og anlegga, og hos særkrinsane fann eg opplysningar om STIF sitt arbeid i idrettane turn, friidrett, fotball, symjing, og volleyball. Underteikna var om lag 10 heile dagar på Idrettskrinsen sitt kontor i Førde, og takkar dei tilsette der for god og velvillig hjelp.

Lokalavisene

Lokalavisene var ei viktig kjelde for å skaffe fram opplysningar. Firdaposten og Fjordenes Tidende har skrive mest om arbeidet og aktiviteten i STIF, men også Firda Folkeblad og Firda har skrive ein del. Firda Folkeblad sitt arkiv var på Kystmuseet i Florø. Også Fylkesbiblioteket i Førde hadde desse avisene i sitt arkiv. Underteikna hadde fleire besøk i kvar av desse avisarkiva, og takkar for stor velvilje. Terje Førde og Øyvind Grindheim gjorde i kvar sine periodar ein god jobb med å samla saman avisutklipp om Fotballgruppa, noko som letta jobben mykje for underteikna.

Samtalar og skriv med medlemmar

Undervegs i arbeidet med boka fekk om lag 200 personar høve til å lese gjennom stoffet i periodar der dei var aktive på ulike plan innan STIF. Desse fekk også høve til å kome med tilføyningar, korrigeringar o.l. I tillegg fekk om lag 100 personar lese gjennom stoff om spesielle episodar og hendingar. Underteikna var også i kontakt med mykje folk pr. brev, e-post, telefon, og samtale elles. Av personar som var til sær stor hjelp og som viste ekstra stort engasjement i samband med stoffet i boka, ønskjer underteikna å trekke fram Tor Zachariassen og Reidar Sølvsberg. Desse to bidrog også med fleire skriftlege skildringar.



I 1987 vann STIF finalen i Firda Cup i fotball. På biletet ser ein målskorarane med pokalen, f.v. Frank Ryland og Edvin Førde.

FOTO: FIRDA.

Biletmateriale

STIF etterlyste ved fleire høve bilete frå medlemar gjennom lokalaviser, Bremanger Nytt, internett-avisa Svelgen.no, og ved oppslag. Men talet bilete ein fekk inn på den måten kunne ein telje på ei hand. Lokalavisene Fjordenes Tidende, Firda-posten, og Firda var svært hjelpsame og let underteikna bli i papirbiletarkivet. Vi fekk også nytte ein del digitale bilete frå desse tre avisene. Ei stor takk til avisredaksjonane for hjelpa! Dei fleste formanns-/leiarbileta var det Tor Zachariassen som skaffa. Stor takk til privatpersonar som lånte ut bileta sine. Biletutplukkinga vart gjort i samarbeid med sogenemnda, og nokre saman med forlaget. Då det var samla inn ein del bilete før underteikna byrja å arbeide med boka, og det difor var vanskeleg å føre eigar/fotograf i biletteksten, valde ein berre å føre på namn på lokalavisene sine bilete. Underteikna har teke over 30 av bileta i boka.

Andre kjelder

Fretland, Frode: Sogn og Fjordane Fotballkrins 75 år. 1996.
 Kjelkenes, Kåre: Forteljingar frå Kåre Kjelkenes sin barndom. 1997.
 Lothe, Magni: Svelgen – Frå gardssamfunn til moderne industristad. 1995.
 Nesbø, Sverre: Industriutviklinga i Svelgen. Ei verksemd og eit samfunn i vekst. (50-årsjubileumshefte for smelteverket). 1978.
 Schieldrop, Edgar B.: Christiania Spigerverk 1853–1961. 1961.
 Bremanger herad 1866–1966. Eit hundreårsskrift. Ulike forfattarar. 1966.
 Først – lengst – høgst: friidrett i Sogn og Fjordane fram til år 2000 Fleire forfattarar. 2001.

Gamalt frå Bremanger – Bremanger Sogelag med m.a. Sverre Nesbø. 1981.

Utbygging av Svelgen 1917–1928 – Volund/Norsk teknisk museum. 1979.

Verda, Noreg, Svelgen i krig 1939–1945 – elevhefte 7. klasse Svelgen skule 94/95.

Kraftverket, smelteverket, Folkeregisteret og skulekontoret sine arkiv.

Vinter og vår 2003 vart slutføringa av bokprosjektet avklara, og finansieringsplanen vart godkjend av hovudstyret i april. Sogenemnda tok kontakt med Selja Forlag as, og 12. juni hadde representantar frå STIF, sogenemnda og forlaget eit møte i Svelgen. I slutten av juni 2003 vart avtalen mellom STIF og Selja Forlag underteikna. Etter dette hadde eg eit fint samarbeid med Torkjell Djupedal i forlaget om utforming av boka

Mange skal ha takk for hjelpa undervegs med boka, og nokre av desse har eg takka i samband med omtale av kjeldene. Stor takk også til medlemmane i sogenemnda og til Leo Cirotzki. Utan deira innsats hadde det ikkje blitt noko historiebok.

Eg håpar nye generasjonar STIF-medlemar kan lære av sine forgjengarar ved å lese denne boka, for det er svært mykje godt idrettsarbeid som er lagt ned mellom fjella i Svelgen i STIF sine første 70 år.


Svelgen 18. september 2003

Frank Ryland

*Barneturnstemne
på skulelassen i
Svelgen 11. mai
1972. Stemnet
vart arrangert på
skulelassen då
idrettsbana var
under omarbeiding
til grasbane. Mykje
publikum var
frammøtt både på
skulelassen og på
skuleberget.*

FOTO: FIRDAPOSTEN





STIF 1930–2000

I takt med industriutviklinga og lokalsamfunnet

Hausten 1930, to år etter at smelteverket i bygda hadde starta opp, vart Svelgen Turn- og Idrettsforening stifta. Kaare Kjølberg, Alf Midtbø, Lauritz Midtbø, og Alf Zachariassen vert rekna som initiativtakarar til stiftinga. Dei tre sistnemnde hadde kome til Svelgen for å jobbe på det nystarta smelteverket.

Hytta på Molda ein aprilsondag i 2002. Denne dagen hadde Keipen Turlag, som hadde disponert hytta sidan 1997, vårepe hus på hytta. T.h. ser ein det nye WC-tilbygget, og ein ser også den nymonterte flaggstanga. T.v. sit Leo Cirotzki, leiar i STIF i åra 1999 – 2002. I 2003 var det 80 besøkande på Moldahytta, då Turlaget hadde ope hus søndag 6. april. STIF bygde hytta på dugnad i åra 1935 – 1937, og meir enn 65 år seinare var hytta framleis eit populært turmål for bygdafolket.



Frå tidleg på 30-talet og fram til inngangen til år 2000 levde verket, idrettslaget og bygdafolket eit tilvære som følgde kvarandre i medgang og motgang. Når verket hadde gode tider, flytta det nye arbeidarar til bygda, gjerne med familiar, noko som gav auka oppslutnad til folkelivet i bygda. Var det motgang på verket måtte dei yngste arbeidarane flytte frå bygda, noko som gav tomme pultar på skulen og færre aktive i idrettslaget.

I stiftingsåret 1930 budde det 328 personar i Svelgen. Det var først i 1955, då Christiania Spigerverk overtok smelteverket og kraftverket, at utviklinga i bygda skaut fart. Frå 1955 til 1959 auka innbyggjartalet i Svelgen frå om lag 600 til om lag 1000 personar, og rundt 1970 passerte ein 1500, før ein nådde toppen med nesten 1700 busette i 1980. Verket hadde sine

høgste tal tilsette i 1976 og 1979 med høvesvis 539 og 532. På byrjinga av 70-talet hadde ein nokre årskull ved Svelgen skule på over 50 elevar. Optimismen i bygda var stor, då ein hadde gått frå å vere ein liten stad i utkanten til å bli eit moderne kommunesenter.

Men smelteverket møtte motgang, og ein haustdag i 1982 vart den siste rujernsomnen på smelteverket, Ovn 3, stogga. Med dette starta ei gradvis nedtrapping av arbeidsstokken på verket, og det var særleg dei unge og nyetablerte dette gjekk ut over. På midten av 90-talet var det om lag 300 tilsette på verket, noko som var over 200 færre enn rundt 20 år tidlegare. Desse dårlege tidene på verket merka ein sjølvsagt også på bygda. På skulen hadde elevtalet minka med om lag 230 elevar frå 1975



til 1995, og eitt årskull på 90-talet hadde under 10 elevar. I år 2000 budde det mindre enn 1200 personar i Svelgen, noko som var om lag 500 færre enn 30 år tidlegare. Desse tala viste dei største «hoppa» i folketala i Svelgen, men innimellom desse var det fleire større og mindre opp- og nedturar. Sidan utviklinga på verket og elles i Svelgen heng slik saman med utviklinga til STIF, har ein i denne boka valt å ta med viktige hendingar som har skjedd i Svelgen-samfunnet. Det er først og fremst i det første kapittelet ein finn slike opplysningar.

I åra mellom 1930 og 1999 aktiviserte STIF store delar av bygdefolket. Om svelgarane ikkje var aktive sjølve, så deltok dei gjerne som leiarar, trenarar, dommarar, funksjonærar, kakebakarar, kioskpersonale, eller som støttespelarar på andre måtar. I 1930 hadde STIF 67 medlemmar, før ein i 1948 for første gong passerte 100. Toppen nådde ein i 1981 med heile 688 medlemmar. I 1999 hadde STIF 214 medlemmar. I dei 70 første åra hadde STIF heile 14 ulike idrettsaktivitetar som vart aktiviserte i eigne særgruppestyrer. I tillegg hadde ein barneidrettsgrupper og Trimgruppa som gav allsidig idrettstilbod til høvesvis dei yngste og dei vaksne. I rekordåret 1977 hadde ein heile 11 særgrupper som var aktive. I 1999 hadde STIF 8 grupper, men ei av desse var meir eller mindre passiv.

I stiftingsåret 1930 kom ein i gang med øvingar for dame-turn, men denne øvinga stoppa opp året etterpå. Dameturninga tok seg opp att ein kort periode rett før krigen, men det var først på slutten av 40-talet av dameidretten fekk «fotfeste» i STIF. Då starta ein opp med turnøvingar og handballtreningar for jenter og damer. I 1951 deltok for første gong damer på eit idrettsstemne utanfor Svelgen, då dametroppen deltok på krinsturnstemnet. I 1954 kom det første gjennombrotet for dei yngre jentene då jentetroppen i turn deltok på barnekrinsturnstemnet. Same året deltok friidrettsjenta Sissel Rylands-holm på eit stemne, og ho vart dermed den første jenta som deltok i ein individuell idrettskonkurranse utanfor Svelgen. Men det var ikkje noko stort miljø for jenteidrett i Svelgen før ut på 60-talet. Då kunne jentene etterkvart velje i idrettar som turn, friidrett, handball, ski, og symjing. Frå midten av 70-talet og fram mot starten av 80-talet kom også volleyball, trimaktivitetar, fotball, bordtennis, orientering, og judo på programmet for jentene. Etterkvart har også nokre tilbod til kome til, så ein kan trygt sei at STIF har gitt eit breitt tilbod også til jentene og damene i bygda.

STIF gjorde mykje for å leggje til rette for dei aktive, slik at dei kunne drive idrettane sine i/på høvelege idrettsanlegg. Folkets Hus, bygd i 1920, vart mykje nytta av STIF i åra etter stiftinga. STIF var med og heldt dette huset ved like i mange år. Sidan la medlemmar av foreininga ned mykje arbeid i planlegging og utføring av følgjande anlegg: Skihytta på Molda (ferdig 1937), den midlertidige idrettsbana, Øyrabana, som låg inne ved smelteverket, ovanfor der småbåthamna seinare kom (1946), gymsal/symjebasseng (1959), løpebana på Svelgen stadion (1961), grusbane for fotball på Svelgen stadion (1962), omlegging frå grus til gras på fotballbana på Svelgen stadion (1972), apparat for styrketrening i kraftverkstunell (1974), ori-

enteringskart i Ålfotdalen (1977), treningsbane grus for fotball ved småbåthamna ved verket (1978), treningsbane grus for fotball på Rise (1980), klubblokalet «Klubben» for Fotballgruppa (1981), lysløype Langesi (1984), Svelgen Idrettshus (1993), og treningsbane grus for fotball nedanfor stadion (1995).

For å få til desse anlegga måtte STIF i ein del tilfelle kjempe hardt for å få realisert planane. Spesielt når det gjaldt Idretts-huset tok det lang tid, og først etter 20 års kamp vart draumen endeleg oppfylt. I denne samanheng må ein ta med at STIF vart støtta ved dei fleste av desse anlegga av eigarane av smelteverket og kraftverket. Dette gjaldt både økonomisk støtte, hjelp til planlegging og utføring, og lån av anleggsmaskiner og anna utstyr. Då områda for Øyrabana og Svelgen stadion vart utfylt og planert, var det eigarane av verket som utførte det meste av arbeidet med god dugnadshjelp av STIF. Det same gjaldt for gymsal/symjebasseng. Elles vart STIF også støtta økonomisk og på andre måtar av høvesvis Bremanger Kraftselskab, Christiania Spigerverk og Elkem, heilt frå 1930-talet og fram til inngangen til år 2000. Utan denne støtta hadde det vore umogeleg å oppretthalde den store aktiviteten som STIF hadde på 1900-talet.

Av idrettslege prestasjonar kan ein ikkje kome utanom friidrettsutøvaren Svein Frøyen, som under senior-NM i 10-kamp i 1950 og 1951 vann høvesvis bronse- og sølvmedalje. I 1952 var han svært så aktuell som deltakar for Norge under sommar-OL i Helsingfors, men grunna skade greidde han ikkje å kvalifisere seg. Frøyen vert rekna som STIF sin beste idrettsmann på grunnlag av prestasjonar oppnådd som medlem av foreininga. Elles har følgjande fire utøvarar representert Norge i landskampar som medlemmar av STIF: Symjarane Thor Åge Midttun, Idar Eikeland, og Arne Helle, samt fotballspelarane Marit Renate Midthjell. Dessutan har tre utøvarar frå Svelgen fått representasjonsoppdrag for Norge etter at dei slutta å representere STIF. Desse var: Reidulf Førde (friidrett), Arild Førde (fotball), og Unn Kvendseth (volleyball). Fire av særgruppene i STIF tok ein eller fleire medaljar i NM på 1900-talet. Åtte av særgruppene vann gull i KM, medan seks av særgruppene ikkje deltok i kampen om KM-gull.

Av større idrettsarrangement STIF har arrangert nemner ein det store friidrettsstemnet «Vestkystleikane» i 1965. Her deltok fleire av landet sine beste utøvarar, pluss ein svenske. I 1990 stod STIF ved Fotballgruppa som teknisk arrangør av ein treningskamp mellom Rosenborg og Sogndal. Til kampen, som kom i stand fordi smelteverkseigar Elkem var hovudsponsor for Rosenborg, møtte det fram om lag 1800 tilskodarar på Svelgen stadion. I 1995 arrangerte STIF Norgesmeisterskapen i volleyball for gutar og jenter opp t.o.m. 17 år. I 1996 arrangerte Volleyballgruppa B-sluttspillet i damene sin Eliteserie i volleyball. Her møttast dei 4 dårlegaste laga i Eliteserien for å avgjere kva for plassering dei ville få i Eliteserien.

STIF har også opplevd dårlege og triste tider. I åra 1936–1938, krigsåra 1944–1945, og 1958–1959 hadde STIF liten eller ingen aktiv idrettsaktivitet i gong. Dei dårlege tidene på slutten av 50-talet skuldast at STIF i 1956 mista den midler-

tidige idrettsbana. Krigen sette også sine spor i foreininga. Laget sin beste idrettsmann før krigen, Erling Julin Olsen, omkom berre 23 år gammal under luftkamp over London i august 1941. Etter krigen reiste STIF og folket elles i Svelgen ein minnestein på grava til Olsen på Midtgulen kyrkjegard. 6. september 1984 fall eldsjela Ragnfred Ommedal om under ein old boys-kamp i fotball i Stryn og døydde nokre timar seinare. Ommedal vart berre 34 år. Dette gjorde eit djupt inntrykk på alle i Svelgen, samt i idrettsmiljøet i heile Sogn og Fjordane.

Frå stiftinga i 1930 og fram til midten av 1990-talet gjorde STIF mykje for å skape aktivitet og trivsel i bygda, også utanfor idrettsbana. I fleire år stod STIF som einearrangør av 17. mai i Svelgen. Her vart særgruppene tildelt å arrangere kvar sine delar av nasjonaldagen. På jonsokaftan arrangerte STIF ofte bål og dans, og mange år arrangerte foreininga revy og dans på nyttårsaftan. Frå 1965 til om lag 1970 vart «Sokkedansen» arrangert i regi av STIF. Dette var eit tiltak der ungdomane i Svelgen kunne kome saman ein kvardagskveld kvar 14 dag til dans med levande musikk, og til sosialt samvær. STIF arrangerte også sine årlege idrettsfestar frå 70-talet og fram til 1995, samt bingo mange gongar i året frå 1970 fram til midten av 90-talet. I åra 1981–1987 dreiv også Fotballgruppa ein «ungdomsklubb», som var open for alle ungdomane i bygda. I 18 år på rad, frå 1978 til 1995, arrangerte foreininga «STIF-dagane». Dette var eit arrangement som etterkvart gjekk over mange dagar, og som skapte liv og røre i bygda. Under «STIF-dagane» i 1991 arrangerte STIF i lag med Svelgen Hotell ein dansegalla med det kjende svenske orkesteret «Vikingarna». Trass i eit fæla uvêr, med regn og haglbyger, kom det heile 1904 betalande til skuleplassen. Aldri har så mange menneske vore samla på eit enkeltarrangement i Svelgen. Arrangørane rekna med at om lag 1000 personar ikkje kom grunna uvêret. Sjølv om idrettslaget såg sjansen til å tene nokre hardt tiltrengte kroner på slike arrangement, kan ein trygt slå fast at STIF tok ansvar for å skape sosiale arrangement i bygda.

STIF har hatt mange eldsjeler som har lagt ned eit enormt arbeid for idretten i bygda. I denne samanheng er det naturleg å trekke fram laget sine æresmedlemar. STIF hadde ved inngangen til år 2000 utnemnt 13 æresmedlemar. Desse var: Alf Zachariassen (utnemnd 1935) og Lauritz Midtbø (uvisst årstal, men utnemnd før 1966), Gunnar Midtbø (1977), Tor Zachariassen (1977), Dagfinn Kleiven (1977), Einar Gjerde (1978), Arvid Svortevik (1980), Ingvald Ytrehus (1982), Ragnar Rylandsholm (1984), Johanna Midttun (1989), Svein Frøyen (1992), Arne Loftheim (1994) og Kolbein Halse (1996). I 2002 vart Olav Ommedal utnemnd til STIF sin 14. æresmedlem, noko han vart for sin innsats for STIF først og fremst på 1900-talet. I 1984 mottok Ingvald Ytrehus Bremanger kommune sin kulturpris for sin innsats for idretten i mange år. Ytrehus var den einaste frå STIF på 1900-talet som mottok denne utmerkinga utelukkande for arbeid i idretten. Når ein samstundes veit at Ytrehus 19 år seinare, i 2003, framleis var ei minst like aktiv eldsjel for STIF, fortener han ekstra ros og omtale.

Svelgen før 1930

Det var verken folkegrunnlag eller interesse for å starte eit idrettslag i fjordbotnen innst i Nordgulen tidleg på 1900-talet. Frå tidleg på 1800-talet og fram til 1917 budde det om lag 40 personar på dei 6 gardane på Rise (4) og Sande (2). Det var ikkje praktisk framkomande til fots mellom Sande og Rise, då store elvar gjorde at ein berre kunne ta seg fram med båt på sjøvegen. Blant desse elvane var Svelgselva (som ein seinare kalla ho), der grensa mellom dei to grendene gjekk. På kvar si side av denne elva hadde dei to grendene sagbruk som vart drivne av vasskraft. I desember 1906 kom ingeniør Harald M. Irgens til Svelgen på oppdrag frå overrettssakfører Kristen Faye frå Bergen, som hadde vore i Svelgen tidlegare på året. Oppdraget Irgens hadde fått var å «*besiktige Svælgdalsvassdraget i Nordgulen i Søndfjord*» med tanke på framtidig kraftproduksjon. Irgens teikna bl.a. fleire kart over området i 1907 og eitt av desse karta vart kalla «*Kart over bunden af Nordgulen fjord*». På denne tida hadde ein ikkje namn på området inst i botnen av Nordgulen. På desse karta vart Svelgselven og Svelgsvand teikna inn og namngjevne med bokstaven e. Men dette var eit unntak, for ein nytta som regel bokstaven æ når ein omtala Svælgsvassdraget på denne tida.

Det kom ikkje noko fruktbart ut av denne planlegginga ein gjorde før 1910. Men overrettssakfører Faye gav ikkje opp og heldt fram det krevjande arbeidet med å leggje til rette for kraftutbygging. Ved skøyte av 8. januar 1912 sikra Faye seg vassdragsrettane i Svælgsvassdraget både på Sande- og Rise-sida. I sakspapira vart følgjande skrive: «*Eieren begjærte bruket benamnt Svælg*». Det var Svælgsvassdraget som fekk dette namnet. Tidlegare hadde ein også nytta namnet Svælg om elva frå Storefossvatnet til Storefossen. Etter nokre år tok ein til å nytte namnet Svælg som namnet på botnen av Nordgulen-fjorden. 3. mars 1914 vart A/S Bremanger Kraftselskab offisielt stifta, og Kristen Faye var ein av dei 3 skiparane bak selskapet. Men alt i 1912 stifta Faye og skipsreiar Wilhelm Torkildsen eit selskap som var forløparen til Kraftselskabet. I 1917 nytta ein for første gong namnet Svelgen i Kraftselskabet sin korrespondanse, og vidare vart Svælg og Svelgen brukt om ein annan, før ein i 1919 gjekk over til fast å skrive Svelgen. I 1919 skifta også Kraftselskabet telegramadresse frå Svælg til Svelgen.

I 1917 starta anleggsarbeidet på det første vasskraftanlegget i Svelgen. Då auka folketalet på kort tid til om lag 400 personar, då mange anleggsarbeidarar kom til bygda. Desse anleggsarbeidarane budde i barakker, og mange av dei reiste nok til sine heimlassar når dei hadde fri. Då den første generatoren på kraftverket vart starta opp i oktober 1921, håpte ein at denne krafta skulle kunne gje nye arbeidsplassar. Men det skulle ta nokre år før ein fann ut kva ein kunne nytte krafta til som kunne gje arbeidsplassar i Svelgen. Ein gjorde ei rekke forsøk på å få i gang ulike industriprosjekt, mellom anna klippfisktørk og smelteforsøk, men desse prosjekta stranda på ulike stadium. Mot slutten av 1921 var det om lag 60 anleggsarbeidarar att i Svelgen, og eitt år seinare var desse redusert til 25. Generator nr. 2 ved kraftverket vart teken i bruk i 1922.

Då det vart slutt på anleggsarbeidet i 1923, var det ikkje arbeid å få for folk flest i Svelgen. Difor emigrerte mange av ungdomane i Gulenfjordane til Amerika og fekk seg arbeid der. Dei fleste av dei var «over there» til slutten av 1920-talet, då nedgangstidene kom til Amerika, og det på ny var moegeleg å få seg arbeid i Svelgen. I 1923 tok Kristen Faye, som i følgje lokalhistorikaren Sverre Nesbø vart rekna som «*far til Svelgen*», avskil med A/S Bremanger Kraftselskab. I følgje Nesbø var det og Faye som tok til å nytte namnet Svelgen om heile fjordbotnen i Nordgulen.

I 1927 starta arbeidet med å byggje den første store smelteomnen i Svelgen. Dette var ein rujernsomn som vart teken i bruk i byrjinga av november 1928 og som seinare vart kalla Ovn 1. Første tapping vart gjort 14. november same året. Det var ikkje berre omnen som skulle byggast, mellom anna medførte bygginga av denne også bygging av sinterverk, råstofflager, laboratorium, kaianlegg med kaikran, transformatorhus, midlertidig kontor- og lagerbygning, samt bustader til arbeidarane. Det var A/S Bremanger Kraftselskab som stod bak desse utbyggingane, og både smelteverket og kraftverket vart drivne under namnet til Kraftselskabet. Til dette arbeidet trengde ein mykje arbeidskraft og dette året, og i åra som følgde, flytta det mykje unge folk til Svelgen. Mellom dei nyetablerte var det personar som hadde drive med idrett andre stadar. Mellom desse var brødrene Lauritz og Alf Midtbø som flytta til bygda i høvesvis 1928 og 1930. Desse to hadde drive både med turn og fotball i Florø, der dei vaks opp. Mellom anna vart dei krinsmeistrar i fotball for Florø SK i 1925. Alf Zachariassen flytta til Svelgen i 1928 og hadde i åra 1925–1928 gjort seg bemerkta som friidrettsutøvarar i SK Brann i Bergen, der

han vaks opp. Zachariassen deltok på nokre stemne for Florø TIF i 1929, kanskje også i 1930, og vart dermed den første aktive idrettsutøvararen som var busett i Svelgen. Våren 1930 flytta Kaare Kjølberg tilbake til Svelgen, etter 3 års skulegang utabygd. Kjølberg kom til Svelgen i 1919 då faren byrja som styrar på sinksmelteverket som var under planlegging. Kjølberg gjekk folkeskulen i Svelgen, før han i 1927 reiste til Sarpsborg og gjekk på gymnaset der. Her fekk han interesse for idretten og deltok i idrettsaktivitetar. Etter gymnaset byrja Kjølberg å arbeide på Smelteverket.

1930

Ein kjenner ikkje til korleis det gjekk til at ein 8. september 1930 kalla inn til møte for å skippe eit idrettslag i Svelgen, men Kaare Kjølberg, Alf Midtbø, Lauritz Midtbø og Alf Zachariassen vert rekna som initiativtakarar til møtet. Møtet tok til kl. 19.30 i Folkets Hus, og det møtte fram 15 personar. På dette møtet vedtok ein lover, heldt val og bestemte at laget skulle heite Svelgen Turn- og Idrettsforening (STIF). Kontingenten vart fastsett til kr 5 pr. år for vaksne, og ein skulle ta kr 1 i innmeldingspengar. Ein bestemte seg også for å gå i gang med eit guteparti i turn, og kontingenten for desse gutane vart sett til kr 2. Det vart vedteke 22 lovparagrafar, og i følgje paragraf 1 var foreininga sitt mål å fremme turn- og idrettsaka i Svelgen. Paragraf 2 var som følgjer: «*Foreningen skal stå tilsluttet Sogn og Fjordane Distriktslag for idrett, samt særkretsen for turn og friidrett. Lovene for Norges Landsforbund for idrett må følges, og gjøres gjeldende for laget*». I paragraf 4 bestemte ein at ein skulle halde to generalforsamlingar i året, den eine i medio februar



På biletet ser ein Folkets Hus (t.h.) fotografert ein gong på 1920-talet. Stifingsmøtet til STIF vart halde i dette huset, og det var også i og rundt dette huset mykje av aktiviteten til idrettslaget vart halde dei første 15 åra. Turnøvingane foregjeikk inne i huset, og det same gjorde innandørstreninga i friidrett. Nokre år etter biletet vart teke, kom det ein liten grusplan utanfor Folkets Hus der ein trena kastøvingar og sprint. Legg merke til barakkene på «Brakkhaugen», som gav haugen namnet. Dei siste av desse barakkene vart rivne i 60-åra. Huset midt på biletet, som er innegjerda, er det eldste stovehuset i Svelgen. Dette huset vart bygd om lag i 1860, og vart utvendig restaurert i 1991. Også huset til venstre for dette stod i 2003, og eigar av dette var Solbjørg Nesje.